

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 4

September 2021 72. årgang



INNHOLD

Min salme	2
Andakt	3
Redaktørbyte.....	3
Hausthelsing frå Japan	4
Rullatormila.....	5

Høyt der oppi kirketårnet.....	6
Barnas-side.....	7
Fauskivalen	8
Tur til Bjørneparken.....	9
Kunngjeringar.....	10
Gudstenester	11

AVSLUTNING PÅ TÅRNAGENTHELG MED LYSTENNING I DEN NYE BARNELYSGLOBEN

FORSIDEFOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån–fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjeverje:
Anne Gerd Jorde
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no

Sokneprest:
Arnstein Bleiktvedt (permisjon)
Mob: 958 28 706 - Fri måndagar
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

Diakonarbeidere:
Sissel Rudningen (70%)
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
sissel.rudningen@gol.kommune.no
(tysdag, onsdag, torsdag, annakvar måndag/fredag)

Wera Waage Frogner (30%)
Mobil: 943 54 618
wera.waage.frogner@gol.kommune.no

Organist:
Justin Vickery
Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær:
Thorunn Haugo Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag, onsdag og torsdag

Kyrkjeternarar:
Ludvig Munkejord Tlf: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:
Britt Marie Haraldset Hafssås Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafssas@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor - Hemsedal kommunehus
Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
Eksp. tid mån – tor 9.00–15.00 fre 9.00–12.00
Tlf. 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjeverje:
Kjetil Th. Storebråten
Tlf: 31 40 88 45 • Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no
Kontortid: Mån–tor: 9.00–15.00 fre: 9.00–12.00

Sokneprest:
Camilla Osnes
Mob: 977 15 677 • Fri måndager
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Kantor:
Peter Rødel
Tlf: 401 08 339 • kafe10@hotmail.no

Kyrkjeternar:
Wilfried Westera
Tlf. 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen:
Hans Vidar Sørensen
Tlf: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Sokneråda og fellesråda:
Gunn Astrid Frøysok
Leiar Gol og Herad
Tlf. 990 34 376
Irene Markegård
Leiar Hemsedal
Tlf. 482 02 020

Ynskjer du å gje ei gave til kyrkja:
Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLADE

Antall nr.: 6 nummer i året
Redaksjon: Ludvig Munkejord (red.), Sølv Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudning, Hilde Moe Hillestad, Gunn Ragnhild Stigen.
Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol
Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.
Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
E-post: ludv@online.no
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097



MIN SALME

JON ANDERS HEFTE



TEKST: KJELL SLÅTTEN FOTO: GOL AP

Jon Anders Hefte er gruppeleiar for Arbeiderpartiet i Gol kommunestyre, der han har representert partiet i 18 år. I det sivile er han byggjeleiar i Bane Nor.

Når han skal velje salme, tenkjer han attende på konfirmasjonstida. Han og kullet hans møttest i prestegarden, der prestefrua, Olga Tveit, underviste dei.

- Eg hugsar me måtte skrive ned og lære oss ein salme. Og valet mitt vart "Det lyser i stille grender". Når eg hører den no, tenkjer eg nesten 40 år tilbake i tid og reflekterer over kor fort åra går, seier han.

Ein julesong står seg godt også sommarstid, spesielt ein song som også er skriven om sommaren...

*Det lyser i stille grender
av tindrande ljós ikveld,
og tusunde barnehender
mot himmelen ljosi held.*

*Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens frelsar
som barn i ein vesal stall.*

*Han låg der med høy til pute,
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.*

*Der song dei for fyrste gongen
ved natt over Davids by,
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny.*

*Den songen som etter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt.*

Jakob Sande skrev diktet sommaren 1931, og dette er diktet slik det første gong stod på trykk i Jul i Sunnfjord 1931 med tittelen «Julekveld».

Det siste verset, altså det femte, strauk Jakob Sande, då han ikkje var nøgd med det. Han grunngav dette med mellom anna: «Ein kan ikkje binde mørkret». I Norsk Salmebok frå 1985 vart 5. verset medteke att, og omskrive, sjølv om familien sa nei – med tilvising til at Jakob Sande sjølv hadde stroke det.

Verset var originalt slik:

*Songen som etter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds son og sonar
som myrkret for evigt batt.*

Og "salmestafetten" går vidare:

- Eg utfordrar svigerinna mi, Inger Marie Lien Rust, avsluttar Jon Anders Hefte.

NESTE KYRKJEBLADE

Nr. 5/2021 kjem ut i uke 44

Stoff sender ein til: ludv@online.no

innan 30. september

Det står skrive i Jakobs brev. 2,14-20,26

Kva hjelper det, sysken, om nokon seier at han har tru, når han ikkje har gjerningar? Kan vel trua frelse han? Set at ein bror eller ei syster ikkje har klede eller manglar mat for dagen, kva hjelper det då om ein av dykk seier til dei: «Gå med fred, varm dykk og et dykk mette!» utan å gje dei det kroppen treng? På same måte er det med trua: i seg sjølv, utan gjerningar, er ho død.

Kanskje vil nokon seja: «Du har tru, eg har gjerningar.» Vis meg di tru utan gjerningar, så skal eg ut frå gjerningane visa deg mi tru. Du trur at Gud er ein? Det gjer du rett i. Dei vonde åndene trur det same – og skjelv! Vil du ikkje skjøna, du tankelause menneske, at tru utan gjerningar er til inga nytte?

For liksom kroppen er død utan ånd, er trua død utan gjerningar.

Gjerningane er ulike og dei er mange. Me må søke dei gode gjerningane. Dei handlingane som tenar det gode. Eg vil gripe fatt i ei gjerning som er viktig for meg. Me ser kanskje ikkje på ho som ei gjerning, men like fullt verkar ho i gjerningskraft, og det er BØNA.

Gjennom bøn er me med på at det gode kan få spire. Bøn og tru heng tett saman. Det kan vera eit personleg møte og ei samtale med Gud. Ein kan samlast fleire ilag, slik det står i Matt 18, 19-20 – Der to eller fleire er samla skal eg vere midt iblant dei! Soleis kan ein styrke kvarandre i trua.

Gjennom bøna kan ein koma nærmare kvarandre, utan fysisk å vera ilag. I desse korona-tider har bøna vore ei velsigning. Det har vore godt å ta del i min nestes gleder og utfordringar. Ei delt bøn er eit delt liv. Det kan vera takkebøn eller ynskjebøn. Nokon vil sitje stille inne og be, medan andre vil ut i naturen. Du kan be for dine nærmeste i familien og dei du møter på din veg. Som fadder er ein av oppgåvene dine å lære fadderbarnet ditt å be Fadervår, men like viktig er det å be for fadderbarnet gjennom heile livet. Be for kommunen din og landet ditt. Be for presten og kyrkja. Be for ordføraren, statsministeren, dei som styrer landet vårt, kongen og kongefamilien. Be for verda vår. Be for jordkloden vår!

For meg har bøna vorte ein del av dei gode gjerningane Gud vil me skal gjera. Vår Far i himmelen vil me skal bruke denne gjerninga til å styrke oss i trua og ha eit tett samarbeid med han.

Me vaksne har lett for å pakke bøna inn i mange flotte setningar. Ungane er ofte flinkare der. Dei er konkrete med ei klar tale:

- Til Gud! Viss du kan ordne dette ville eg vera glad: Å fikse meire fritid og det hadde vore fint med meir sumar!
- Kjære Gud! Eg håpar det kan bli fred i alle land.
- Kjære Gud! Eg har hatt veldig dårlig samvit fordi eg mange gonger no ikkje har tala sant. Eg ynskjer meg ein hest, men det kan vel ikkje du gjera noko med. Skulle ynskje du kunne det.
- Kjære Gud, du sov vel aldri? For då blir eg redd.

Knut Buen har skrive eit dikt som heiter akkurat Bøn. Dette diktet er eg veldig glad i og her kjenner eg meg att, i jorda me har fått til å odlast, me må dele det me har og om det å få styrkje. Dette har eg ei tru på. Dette er mi bøn i dag.

BØN

*Bonde til jorda er me.
Styrde av makter i strid.
Skapt i Guds eige bilete,
og rusta til her å bli.*

*Gud attom alt det gode:
Gjev oss attende vår von
Syn deg i menneskjedådar
Liksom din jomfru-son.*

*Fri oss frå naud og fråtsing
lær oss å dela vårt brød.
Styr våre gaver av nåde
til kamp imot krig og død.*

*Lær oss å mogna, mjukna
di meire det mot oss driv.
Det er inga sak å misse,
men verre å leva liv.*

*Stem våre understrengjer
eins med ditt himmelske kor,
og lær oss å syngja og spela
så murane fell på jord.*

Redaktørbyte i Kyrkjebladet

Sølvi Larsen Aalrust som i mange år har vore redaktør i kyrkjebladet har nå overdradd denne jobben til Ludvig Munkejord. Sølvi er framleis med i redaksjonen.

Me i kyrkjebladet vil takke Sølvi for en flott innsats som redaktør gjennom desse åra, og me er veldig glade for at ho er saman med oss i redaksjonen framover.

Trusopplæringsabonnement for dei som ikkje er medlem i kyrkja

Tilhørigordninga opphørte ved nyttår. Dei som ønsker tilbod om trusopplæring for barna sine og som ikkje er medlem i kyrkja, må no registrere seg som «trusopplæringsabonnenter» for å få informasjon om trusopplærings-tilbod tilpassa alderen på barna.

No kan både medlemmar og ikkje-medlemmar registrere seg på kirken.no/minside for å motta trusopplærings-tilbod frå Den norske kyrkja til sine barn.

Kyrkja kan dermed sende trusopplærings-tilbod både til barn som er medlemmar, og til føresatte som er trusopplærings-abonnenter.

Det er føresette som registerer seg som trusopplærings-abonnent og får invitasjon. For å registrere barn – logg inn på kirken.no/minside

Barn som er døypt og medlem i kyrkja får automatisk invitasjonar til trusopplærings-tilbod for sin aldersgruppe, dei treng ikkje registrerast.

Ta gjerne kontakt med oss for spørsmål eller hjelp til registrering!

Hausthelsing frå Japan!

Her kjem ei helsing frå familien Bleiktvædt i Japan.

Det store skjedde for oss 7. mai. Då vart vår vesle Theodor fødd her heime i huset til mormor Noriko. Ti fingre og ti tær, frisk og rask gut som sover godt. Vi er veldig heldige som får vera med han begge to samtidig denne tida. Det er ei fin tid for alle tre.

Men alt har ikkje berre vore godt. Marthas far falt på badet og måtte på sjukehuset ei drøy veke før Theodor vart fødd. Han hadde brukke noken ribbein og skada ei lunge. Han kom seg fint med skadene, men i prosessen hadde han fått varige mén. Det var så alvorlig at vi fekk beskjed om at han ikkje hadde mykje tid att å leva på. Ei viku etter fødselen kom han heimat. Ei viku seinare, 21. mai, sovna han inn og reiste heim til himmelen mens alle i familien

var samla rundt han. Eg (Arnstein) hadde bryllupsfesten og Martha oversatte til japansk.

"Gleden og sorgen vandrer til hopes" passar godt til denne tida. For slik har det vore. Dei siste dagane har vi rydda på loft og garasje i gamle minner, det er også godt og vondt på samme tid. Ellers er vi med på det som skjer i menigheiten her i Haramura. Annankvar sundag har eg og Martha gudstjeneste. Eg har noko liturgi (skrive med latinske bokstavar: Shu ga anata o shuku-fuku shi = Herren velsigna deg) og preike på engelsk med Martha som oversettar. Vi deltar også i bibelgruppene her og har planar om å starte ei engelsktalande bibelgruppe. Dessverre er koronasituasjon forverra seg i løpet av sommaren, noko som gjer at vi nok ei gong må skifte til digital gudstjeneste frå sundag 8. august. Gleden var at vi rakk akkurat å

TEKST: SOKNEPREST ARNSTEIN BLEIKTVÆDT
FOTO: MARIUS BERGERSEN



gjennomføre dåpen til Theodor 1. august med menigheiten og alle faddarar til stades. Theodor vart døypt av si mormor som er menigheitens prest. Marthas gode venninde fra ungdomstida, Hitomi Ishida, og ein ny generasjon japanmisjonærar, Karoline og Marius Bergersen var faddarar.

Alt i alt har vi det veldig bra og kjenner at vi er på rett stad til rett tid. Eg fekk visumet mitt 4 dagar før avreise fordi landet stengte for alle visum ved nyttår og åpna akkurat i tide. Nokon dagar etter at eg hadde landa fekk vi beskjed om at landet skulle stenge ned att ei periode til like etterpå. Theodor kom akkurat i rett tid, ei viku før termin, akkurat rett tid til å helse på sin morfar. Det er så mange slike ting som har skjedd at Martha måtte sette seg ned og skrive dei ned. Det var rett og slett for mange tilfeldigheter til at vi ikkji kunne si anna enn at Gud var med oss. Vi er glade for å kunne vera her akkurat no, men gledar oss også til å koma attende i desember og feire jul i Gol. Men så langt tenkjer vi ikkje no. No er det nok å vera her for å hjelpe mormor og menigheiten og nyte kor dag som nybakte foreldre.



Sorggruppe - ei hjelp til sjølvhjelp

Ynskjer du å delta i sorggruppe? Kyrkja i Gol og Herad vil starte opp ei sorggruppe for vaksne i midten av november. Det vil bli 6 samlingar før jul. Etter jul vil vi starte opp ei sorggruppe for born/ungdom. Meir informasjon om denne gruppa kjem etter jul.

Gruppa er vanlegvis på 4-8 deltakrar, som møtast to gonger pr. mnd. Gruppa byggjer på gjensidig hjelp, og er ikkje terapi eller behandling.

Det kan vera ei støtte å møtast i ei gruppe. Der kan ein utveksle tankar og erfaringar rundt felles situasjon. Her må alle i gruppa vera innstilt på å vera opne for kvarandre, og merksame på at fortrulege opplysningar må haldast innanfor gruppa.

Treng du meir informasjon eller ved påmelding kontakt:

Diakonmedarbeidar Sissel Rudningen
Tlf. 476 27 663 eller
sissel.rudningen@gol.kommune.no

Arr: Diakoniutvalet i Gol og Herad

Håpar på ein velsigna haust for alle der heime!





Rullatormila 2021

Det var ein strålende dag då Rullatormila 2021 gjekk av stabelen 11. august.

TEKST: SISSEL RUDNINGEN FOTO: THORUNN HAUGO

I sansehagen på Helsetunet skein sola, målseilet stod stødig og den flinke organisatoren, Wera Waage Frogner hadde full kontroll.

Det var den eldre garde som stilte til start. Men og ordføraren og komunedirektøren møtte opp og kasta glans over arrangementet. Dei var dyktige til trilling, skravling og matombringing. Suverent jobba! Etter 1,2 eller 3 rundar fekk deltakarane fortent ei medalje rundt halsen. Så kom det pølser, saft og is.

Ilag med alt dette fekk me høyre flotte trekkspeltonar og song frå Margrete Berg. Lysta til å svinge seg i valsene var til stades, men det vart med det. Det var berre store smil overalt ein såg.

Ein stor takk til Helsetunet og dei tilsette på Kyrkjekontoret som dreg i gang.

Me gler oss til neste år!





Høyt der oppi kirketårnet

8 agentar stilte klare for oppdrag fyrste helga i juni.

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

Det var spente 2. klassingar som registrerte seg inn og fekk agentbevis før dei tok seg gjennom labyrinten i Herad kyrkje og var klare for innsats.



Eit godt agenttips er å samarbeide – korleis bygger vi høgast mogleg tårn med spaghetti og marshmallows?

«Vi skal jobbe for det gode – bruke hjertet, bruke hodet» sier tårnagentsangen, og dette oppdraget gav agentane vidare til dei frammøtte på gudstenesten i Gol kyrkje på sundagen.

Men før det hadde dei ein dag med symboljakt og utforskning av kyrkja i Herad. Dei prøvde orgelet og fann ei «hemmeleg» dør med ei bratt trapp opp til tårnet! Klokkene hang der oppe – klare til å rope «kom, kom» for å samle folk til gudsteneste.



Fint å blåse såpebobler ut frå tårnet



Otto Hedelund og Sander Jacobsen-Sollien ved kyrkjeklokkene oppe i tårnet i Herad kyrkje.

Gudstenesten hjelpte tårnagentane til med, det vart tid til øving på både lesing, dramatisering og ikkje minst tårnagentsangen. Tid til mat og leik må og ein tårnagent ha!

Takk for god innsats, agentar!



BARNAS SIDE

Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lasarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Finn fem feil


De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på **søndagsskolen.no**
eller **22 08 71 00**.





Familiedag på Fausko

Smooth Operators f.v. Jan Erik Kolaas,
Bjørn Tore Henriksen, Kristoffer Foldøy,
Christoffer Myking Henriksen

Søndag under Fauskivalen har det blitt en tradisjon
med gudstjeneste med musikktema.

TEKST: IRENE MARKEGÅRD
FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Tidligere har det vært blant annet gospel og jazz, og i år var det bandet Smooth Operators som stod for Bob Dylan musikk til gudstjensten.

På plassen foran den nye lillescena på Fausko var det mange som hadde funnet veien for å feire gudstjeneste ute i det fine været.

Etter gudstjenesten var vi så heldige å kunne ha kirkekaffe, noe mange har savnet. Fellesskapet var godt å føle på.

Det var også lagt opp til en sporlek der både store og små kunne være med og at man både kunne grille egen grillmat eller kjøpe pølser.

Litt senere på ettermiddagen entret Smooth Operators på nytt scenen, denne gangen med eget program «Den vonde bodbebaren – Bob Dylan og 60-talet». Smooth Operators er ei gruppe på fire, fra Osterøy, som representerer ulike generasjoner, og som har lagt et program om Dylan sin 1960-talls periode.



Velkommen til kyrkjeteater!
«Kirkerottene og Kattunge»

Gol kyrkje onsdag 3. nov. - kl 17.30

Enkeltbillett kr 50,-
Billetsalg ved inngangen
Dørene opnar 17.10



Sokneprest Camilla Osnes leia messa med Smooth Operators som musikalsk tonefølge.



Bassist Kristoffer Foldøy fortalte om Bob Dylan på 60 tallet.

De hadde med seg et knippe låter der de mellom låtene fortalte historier om hvordan Dylans musikk og lyrikk utvikla seg. Det ble en fin ettermiddag med fin musikk og og også interessante historier.

Vi er allerede i planleggingen av neste års musikkgudstjeneste på Fausko, så det er bare å begynne å glede seg.

MENIGHETSTUR TIL BJØRNEPARKEN



BJØRNEPARKEN

Bli med til Bjørneparken!

Sundag 19. september arrangerer Gol og Herad kyrkjelyd tur til Bjørneparken! Vi håpar at store og små, unge og gamle, single og gifte vil vere med på tur!

Felles avreise frå Herad kyrkje klokka 10.00, med skyss for dei som treng det. Det er også mogleg å køyre direkte til Flå.

I parken blir det ei fellessamling i tunet klokka 11.30, elles kan ein få med seg dyreforinger og legge opp dagen slik ein vil. Be gjerne med deg naboen eller ein ven!

Inngangspris denne dagen er gunstige kr. 199,- per person. Gullrekka betaler inngang for alle betalande medlemmar 0-13 år.
(Medlemskontingent 50,- kr, kan betalast ved ankomst).
Set av dagen og bli med oss på tur!

Påmelding innan torsdag 16. september via nettsidene til kyrkja (gol.kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på 32 02 90 00.



DEN NORSKE KYRKJA

ÅPENT HUS

26. august: Tur til Fausko skysstasjon i Hemsedal. Knut Fausko vil fortelje og underhalde. Andakt og song ved sysknene Sebjørg Marie Jordheim og Einar Thorset

30. september: Andakt ved sokneprest Camilla Osnes. Song og forteljing ved folkemusikar Gunnlaug Lien Myhr.



DEN NORSKE KYRKJA

DIAKONIUTVALET

i Gol og Herad

**Formiddagstrekk på Gol bedehus
Følgande torsdagar kl. 11.00 - 13.30**

28. oktober: Andakt ved Gerd Eli Berge. Biletfraumsyning ved Ludvig Munkejord.

25. november: Andakt ved prost Sveinung Hansen. Pianokonsert ved Madusha Asokumar og Ingebjørg Solhjell.

*Vi legg til rette for smittevern så godt vi kan.
Alle er hjarteleg velkomne, men bli heime om du er sjuk!*

For meir informasjon, ring diakonmedarbeidar
Sissel Rudningen - 476 27 663

**SpareBank
HALLINGDAL VALDRES**

Flå - Nesbyen - Gol
Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202



KA-dag for 1., 2. og 3. klassingar

Gol kyrkje / Gol bedehus måndag
22. november kl. 08.30-16.00

Påmelding innan 8. nov. til
britt-marie.haraldset-hafsa@
gol.kommune.no / 951 22 136

VELKOMEN TIL OPE HUS

Fyrste tysdag i månaden kl.11.00
på Kyrkjestugu Hemsedal

Velkommen til fellesskap
med god bevertning! Det blir
temasamling og «Ord på vegen».

Datoar hausten 2021:
5. okt, 2. nov., 7. des.

I oktober vert det arrangert felles markering
av den internasjonale eldres dag.

Kontaktperson: Liv Gjærde tlf: 901 59 415



Brenn du for barne- og ungdomsarbeid?
Bli med på trusopplæringskonferansen 2021!

I år som i fjor er trusopplæringskonferansen digital. I Gol og Hemsedal satsar vi på ein felles inspirasjonskveld der vi ser hovudsendinga og eitt seminar, og har tid til å snakke rundt tema «drivkraft» og rundt seminaret vi ser.

Fellessamling på Hemsedal kyrkjestugu torsdag 21. oktober kl 17.00-21.00 – vi startar med eit felles pizzamåltid frå Peppes.

Alle deltarar vil i tillegg få ein påloggingskode og kan strømme alle seminarer og hovudsendinga når dei måtte ønske i tre månader frå 20. oktober. Påmelding innan 18. oktober – kursavgifta blir dekk!

Meld deg på til britt-marie.haraldset-hafsa@gol.kommune.no

Meir informasjon om og program for konferansen på:
www.trosopplaringskonferansen.no

Kyrkjebladet



591790
Vipps nummer

Gol og Herad kyrkje



517300
Vipps nummer

Hemsedal kyrkje



105608
Vipps nummer

Lykkja kapell



542742
Vipps nummer

Går du i 3.-6. klasse? Då kan du bli
med på Lys&Liv-festivalen i Hemsedal!
Merk deg datoane 16.-17. oktober!



Spørsmål? Britt Marie: 951 22 136 / britt-marie.haraldset-hafsa@gol.kommune.no

**Det er berre å melde seg på og begynne
å glede seg!** Lys&Liv tek med seg det beste
frå Tårnagent og Lysvaken for å lage ei
super helg for alle frå 3.-6. klasse.

Invitasjon kjem i posten til alle døpte og «trusopplæringsabonnementer» (foreldre har registrert ønske om invitasjonar) i Hemsedal, men festivalen er open for ALLE 3.-6.-klassingar, ta kontakt!



Måndag 6. september startar Gullrekka
opp att! Barn i alle aldre med og uten
foreldre, er velkommen til spennende
aktivitetar på Gol Bedehus:

kl. 16.30 Taco (60/40 kr)
kl. 17.30 Fellessamligar
kl. 18-19 Aktivitetar,
sang/musikk, hobby eller
gymsal/klatring (frå 4.kl)

6. sept.
19. sept.*
11. okt.
22. nov.
13. des.

*Sundag 19. september deltek vi
på menighetstur til Bjørneparken!

Gullrekka betaler inngangen for betalande
medlemmar. (Kontingent kr. 50,-)

NB! NO PÅ MANDAGAR

Acta – Normisjonen, Søndagsskolen Sprell
Levende og Den Norske Kyrkje – Gol og Herad

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS
Bente Andreassen
Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Vakt tlf: 97 41 41 00

**JØLSTAD - HALLINGDAL
GRAVFERDSBYRÅ AS**
Terje Nordal - Steinar Aa - Torfinn Slætto
Vakt: 917 06 250 / hallingdalgravferd.no




NB!
OPPDATERTE
TIDSPUNKT!

Hemsedal

Onsdagar kl 11 på Kyrkjestugu i Hemsedal,
om lag annakvar veke. Vi startar sangen kl 11,
dørene er opne frå 10.30, for leik og prat.

Felles lunsj etter sangen. Datoar hausten 2021:
8/9, 22/9, 29/9, 13/10, 20/10,
3/11, 17/11, 1/12



Følg med på facebooksida
til Kyrkja i Hemsedal, og i facebookgruppa
«Babysang Hemsedal».

Gol

Oppstart torsdag 26. august kl 11.00,
deretter 10 torsdagar (ikkje haustferien).

På Frelsesarmeene i
Gymnasvegen 3.



Sjá facebookgruppa
«Baby- og småbarnsang Gol»

Pg.a. smittevern treng vi ei påmelding.
Påmelding og spørsmål til Britt Marie.

vipps

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje

13.06.21 Emma Bleiktvedt Thorset
 13.06.21 Sivert Langehaugen
 27.06.21 Thore Løver Bakkeplass
 25.07.21 Ella Kristine Løvhaug
 25.07.21 Knut Olav Edward Langslet
 25.07.21 Nora Andrea Ottem Setra
 08.08.21 Theona Asokumar Ekra
 08.08.21 Sigrid Espedokken

Herad kyrkje

11.07.21 Thea Skaret Amper
 08.08.21 Emma Bjørge Hoknes

Hemsedal kyrkje

13.06.21 Anne Simonsen Lien
 04.07.21 Ester Venås
 04.07.21 Jacob Hagrup Haga

VIGDE

Gol kyrkje

24.07.21 Anne Munkejord og
 Ole Martin Anderdal
 07.08.21 Lise Serin Førde og
 Lasse Aleksander Stryken

Oset kapell:

24.07.21 Camille Stikbakke og
 Erlend Wibe Hårberg

Hemsedal kyrkje

13.06.21 Kia Simonsen og Torjus Lien
 26.06.21 Linda Smedsgård og
 Rikke Eg Nielsen
 21.08.21 Kaja Funnemark og
 Sondre Bakke Arvesen
 31.07.21 Kari Ramton og
 Aleksander Berget

DØDE

Gol kyrkje

12.06.21 Leiv Erling Hansegård f.1935
 15.06.21 Grete Marie Bergun f.1939
 16.06.21 Endre A. Jondalen f.1928
 20.06.21 Rolleif Johnsen f. 1934
 17.07.21 Ola Kristian Turhus f.1935
 30.07.21 Margit Lien f.1920
 02.08.21 Asbjørn Bjørkedokken f.1942
 11.08.21 Håkon Sørbølhaugen f.1934

Hemsedal kyrkje

11.07.21 Ola Kvanneberg f.1929
 26.07.21 Solbjørg Haga f.1951
 28.07.21 Jacob Eikre f.1940
 28.07.21 Elsebet Von Gyllensted f.1947
 09.08.21 Roar Halbjørhus f.1948

VELKOMEN TIL KYRKJE!

**ALL ANNONSERING ER UNDER
 FØRESETNAD AV TIL EI KVAR TID
 GJELDANDE SMITTEVERNREGLAR
 (FØLG MED PÅ HALLINGDØLEN
 OG NETTSIDENE FOR EVT.
 DIGITAL ARRANGEMENT)**

4. sept. – laurdag

GOL KYRKJE KL 10.00
 Konfirmasjon. Osnes.
 Takkoffer: Konfirmantarbeidet

GOL KYRKJE KL 12.00
 Konfirmasjon. Osnes.
 Takkoffer: Konfirmantarbeidet

5. sept. – 15. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 10.00
 Konfirmasjon. Osnes.
 Takkoffer: Konfirmantarbeidet

GOL KYRKJE KL 12.00
 Konfirmasjon. Osnes.
 Takkoffer: Konfirmantarbeidet

HEMSEDAL KYRKJESTUGU
 KL 19.00
 Møtepunkt.
 Tale: Anne og Børge Bekkestad
 Arr. Hemsedal Normisjon og Kyrkja

12. sept. – 16. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
 Gudstenste. Eklund.
 50-årskonfirmantar.
 Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 17.00
 Gudstenste. Eklund.
 Takkoffer: Sundagsskulen i Hemsedal.

19. sept. – 17. søndag i treeiningstida

Gol og Herad kyrkjelyd har tur til
 Bjørneparken.
 Avreise fra Herad kyrkje kl10.00 eller
 oppmøte i Bjørneparken kl 11.00.
 Sjå eiga annonse.

26. sept. – 18.søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
 Gudstenste. Eldres dag. Eklund.
 Kyrkjekaffe v/Helselaget.
 Takkoffer: Diakoniarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
 Gudsteneste. Osnes.
 50-årskonfirmantar.
 Takkoffer: Barne og ungdomsarbeid
 Hemsedal Normisjon

3. okt. – 19. søndag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
 Gudsteneste. Osnes.
 Takkoffer: Kyrkjebladet.

10. okt. - 20. søndag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL 11.00
 Gudsteneste. 51 års konfirmantar.
 Takkoffer: Verdensdagen for psykisk helse.

13. okt. – onsdag

HEMSEDAL KYRKJE
 Konsert med Trygve Skaug.
 Meir info kjem.

17. okt. – 21. søndag i treeiningstida
 HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
 Lys og Liv gudstenste. Osnes. Hafsås.
 Takkoffer: Fair & Square

HERAD KYRKJE KL 19.00
 Gudsteneste. Presentasjon av
 konfirmantane. Styve Sæbø.
 Takkoffer: TV- aksjonen.

24. okt. – 22. søndag i treeiningstida
 GOL KYRKJE KL 19.00
 Gudsteneste. Presentasjon av
 konfirmantane. Styve Sæbø.
 Takkoffer: Trusoplæringa.

HESMEDAL KYRKJE KL 19.00
 Gudsteneste. Presentasjon av
 konfirmantane. Osnes.
 Takkoffer: Konfirmantarbeidet

31. okt. – Bots- og bønnedag
 HERAD KYRKJE KL 11.00
 Gudsteneste. Eklund.
 Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkja.

7. nov. – Allehelgensdag
 GOL KYRKJE KL 11.00
 Allehelgensmesse. Giljebrekke.
 Takkoffer: Diakoniarbeidet.

HERAD KYRKJE KL 18.00
 Allehelgensmesse. Giljebrekke.
 Takkoffer: Diakoniarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
 Allehelgensmesse. Osnes.
 Takkoffer: Institutt for sjølesorg



Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med.

Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda? Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel.

Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor er de urolege for kleda?

Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei.

Matteus 6, 25-29